



Stigen frå Sel mot Liagardane.

(Foto: Bård Svardal)

Ein tur blant gamle husmannsplassar og gardsbruk, over gamle grasvollar og nye beiter.

Ein har tre turmogelegheiter om ein vil til Selsbergi. Ein kan gå frå Halvorsgard i Votndalen, frå Søre Sel i Votndalen, eller frå Kleivstølen i Liagardane.

Stigen frå Halvorsgard går i bratt terreng opp til Nedreskår. Vidare forbi Teigane og Kleivstølen til Vesleberg som er toppen.

Sjølv om det er brattlendt i området, har det meste vore nytta til beite eller slått. Her ligg nedlagte husmannsplassar og gardsbruk. Fleire stader er det storfelt utsyn både austover og vestover dalen. Området blir framleis brukt til beite, så det er viktig å vise omsyn til dyr og gjerde i utmark.



Utsikt mot Satakroken. (Foto: Bård Svardal)



- a) Fylkesveg 244 mot Vats, til høgre på Bøygardsvegen til Halvorsgard.
- b) Rv. 7 mot Gol, opp vegen til Liagardane og til Kleivstølen.
- c) Fv. 244 mot Vats, til høgre opp Votndalsvegen, så til høgre på Selsv. til Sel.



Parkering langs gardsvegane til Sel og Halvorsgard, og langs Liagardsvegen ved Kleivstølen.



Halvorsgard – Nedreskår – Kleivstølen: ca. 2.5 km.
Søre Sel – Nedreskår – Halvorsgard: ca. 2.5 km.
Kleivstølen – Nedreskår – Søre Sel: ca. 2.5 km.



Stigane går over gamle husmannsplassar og grasvollar.



Det er ein del bratte parti på stigane, dette gjeld særskilt frå Halvorsgard stigane greie å gå, for det meste gjennom ope skog-terreng og over gamle grasvollar. Turen er for alle turgåarar som toler litt motbakke.

For meir detaljert kart:
Reineskarvet 1:50 000